

REFERAT FRÅ MØTE I FAU PÅ KOLLEMO SKOLE TYSDAG 04.02 - 2025

Tidspunkt: 19.00 – 20.30

Stad: Klasserommet til 7. klasse på Kollemo skole (rom nr. 200).

Dette var eit reint FAU-møte (berre foreldrerepresentantane møtte).

Saksliste:

Sak 10- 2024/25: Innkomne saker frå FAU-leiar

Opningstidene på SFO: Evt. endringar må bli gjort når vedtektene for SFO blir revidert. Administrasjonen skal ha eit arbeidsmøte i morgon der ein skal arbeide med å førebu ein sak om dette til kommunestyret. FAU vil få moglegheit til å kome med innspel.

Prosedyrar ved utdeling av informasjon om fritidsaktivitetar/-arrangement i skuletida: Gjeldande prosedyre er at skulen kan dele ut informasjon frå lag og foreiningar ei gong i halvåret. Frist for å få informasjonen med i hausthalvåret er 1. september. Frist for vårhalvåret er 7. januar.

Tips frå musikkverkstaden på Byremo om å kontakte Daniel Kvåle for opplæring i lydutstyr): Anne Grethe Øydna har vore i kontakt med Daniel om dette. Ho foreslår følgjande:

- ✓ to kvelder a 2-2,5t. Daniel låner med seg en mixer fra Musikkverkstedet, som er ganske lik vår.
- ✓ Han tar 1000,- timen. Inkludert i dette blir en folder med instruksjoner både for lyd og lys.
- ✓ Han er fleksibel på kvelder. Han kan ikke 25. februar.
- ✓ Tenker at det beste er at skolen finner en dato som passer, så får de andre prøve å innrette seg.
- ✓ Tenker at bygget burde ha en gruppe ansvarlig for lyd og lys. Som kjøper inn og fikser ødelagt utstyr, og sørger for system og at det som skal brukes virker.
Det er jo forskjellige aktører som har bidratt med utstyr, og som bruker det. Tenker at de burde være representert i en sånn gruppe.
De jeg vet om er kommunen, korpset, idrettslaget. Kanskje dere vet om flere? Det som er sikkert er at slikt utstyr må vedlikeholdes og oppgraderes innimellom. Så viktig å klargjøre hvem som eier utstyret, hvem kan og ønsker å bidra økonomisk.

Rektor arbeidar vidare med denne saken.

Sak 11 - 2024/25: Situasjonsrapport frå Kollemo skole:

Starta opp att med trivselsleiarar igjen denne veka. Dette har vi opplevd som veldig positivt. Mykje positiv og god lek ute i friminutta.

I veke 5 hadde skulen eit leseprosjekt om Roald Dahl.

Vi har litt utfordringar med at enkelte av elevane kranglar om spadane i snøhaugen i friminutta. Jobbar med ulike måtar for å forsøke å få dette til å bli betre. Vi har vore inne på tanken om å kjøpe inn fleire spadar, men samtidig gjer vi då lite med det faktum at enkelte treng trening å det å klare å dele og å vente på tur.

Sak 12 – 2024/25: Eventuelt.

Plan for samarbeid kyrkje – skule:

Vart teken opp om ein bør endre punktet som seier at presten skal kome på besøk i samband med utdeling av biblar.

FAU føreslår at det blir endra til at presten kan kome i etterkant av utdelinga, og at tema då vil vere korleis ein finn fram i bibelen.

Rektor snakka om foreldremøtet for føresette til ukrainske elevane som skal vere tysdag 25.02.25. FAU har laga klar ei liste over fritidsaktivitetar og kontaktpersonar.

Det vart snakka om skulemiljøet ved Kollemo skole. Elevundersøkinga, elevsamtalar og trivselsundersøkinga Klassetrivsel.no peiker på høg grad av trivsel hos elevane ved Kollemo skole.

FAU ønsker meir informasjon om den praktiske gjennomføringa av Klasstrivsel.no.

Med helsing
Kjetil Homeland
Enhetsleder Kollemo skole